



79. årgang - nr. 4. 2023. Tryggheim skular

Tryggheimhelsing



*Gledelig
jul*



Bilder fra høsten
s. 4-7

Føler at vi blir
lyttet til! s. 8

Samfunnsbyggaren
s. 13



Å SETTE SPOR MED VERDENS BESTE HÅP OG TIDENES BESTE NYHETER

Det årlige temadagen for foreldre og elever på videregående gikk av stabelen 11. november i år. En dag med foreldresamtaler, foreldremøter, ungdomsbedrift-utstilling, foredrag, festsamling og russebasar. Godt over 1000 personer var til stede under foredraget til Thor Haavik med temaet «å sette spor». Vi ble inspirert og utfordret på hvilke spor vi setter i andres liv.

Geir Magne Karlsen // Assisterende rektor

Helt fra starten i 1919 har Tryggheim hatt som mål å sette spor i ungdommen. Selv om begrepet ikke alltid har vært brukt i målsetninger og visjoner opp gjennom årene, handler det likevel om å sette spor. Vi har nærmere 840 elever totalt på ungdomsskolen og videregående, og hver dag blir de møtt med ord for dagen i klasserommet. Guds ord skal ikke vende tomt tilbake (Jes. 55,11).

Som en kristen friskole er vi forpliktet til å formidle det kristne budskapet til elevene våre, både på grunn av det som står i visjonen og verdigrunnlaget, men også fordi myndighetene krever at vi synliggjør at vi er en kristen skole, siden det er grunnen til at vi er godkjent som friskole.

På festsamlingen på temadagen i november var temaet «Verdens beste håp og tidenes beste nyheter». Når elevene våre får del

i tidenes beste nyheter, evangeliet om Jesus Kristus, og vi opplever at elever på Tryggheim gjør verdens beste håp til sitt eget, håpet om frelse og det evige liv, så bidrar det ikke bare til å oppfylle målene for hvorfor Tryggheim ble startet, men gir oss også grunnlaget for at vi fortsatt driver en kristen friskole i dag, over 100 år etter at vi startet.

Tryggheim er eid av Norsk Luthersk Misjonssamband, og Misjonssambandets visjon er «Verden for Kristus». Denne visjonen er vi på Tryggheim også en del av. Våre elever bidrar hvert år med store summer gjennom innsamling til misjonsprosjekter, og i høst ble misjonskonferansen *Frontline* arrangert på Tryggheim. Vi vil være med å sette et spor i elevene som tenner dem for misjon, for å arbeide fram mot målet om å vinne verden for Kristus. Derfor er det veldig kjekt å se igjen tidligere elever når vi ser glimt fra misjonslandene.

Fra Misjonssambandets visjon: *Vår viktigste oppgave som misjonsbevegelse er å gi mennesker muligheten til å bli kjent med Jesus. Vi har et budskap om forsoning mellom Gud og mennesker, og et ønske om forsoning og nestekjærlighet mellom mennesker. Kort sagt, vi har verdens beste nyheter, fra verdens beste oppdragsgiver.*

Sang i førjulstiden

Brit Kristin Frantzen // lærer HO-avd.

Jeg vet ikke om du har det som meg, men ofte går jeg og nynner på en sang eller flere. I førjulstida er det en sang som hvert år kommer til meg. Kanskje er det fordi denne tida så lett blir full av de mange ting som skal ordnes og gjøres, mer eller mindre nødvendige.

Jeg lærte den da jeg gikk i «Yngresmusikken» som 12-13 åring. Den er slik:

1. En hjemløs Konge vandrer frem,
fra dør til dør han går
og ser med sorg de tusen hjem
som lukket for ham står.
Som første gang han søkte rom,
ei herberg for ham var, –
han søker enn i slott og slum,
får oftest «nei» til svar.

Refr.

Han gjester deg i dag,
Han gjester deg i dag,
På hjertets dør han banker,
lukk fredens fyrste inn,
å, lukk ham inn i dag!

2. Av kjærlighet til fallen slekt
forlot han all sin prakt,
Han ville se vårt sjels-sår legt
og med oss slutte pakt.
Han ville ta vår synd på seg,
forsone oss med Gud,
til evig liv oss vise veg
fra syndens gravnatt ut.

3. Enn misforstått av rik og arm
han vandrer om i dag.
Med samme medynk i sin barm
– en Frelsers hjertelag.
Og hvor det er en åpen dør,
så han får stige inn,
et frelsens underverk han gjør,
og fest det blir i sinn.

Vi vet jo at det ikke var rom for Jesus i herberget, så han måtte ta til takke med en stall. Men i våre dager – i Norge – hos meg må det vel være rom? Har du og jeg gitt Jesus rom – alle våre rom? Jesus vil også svært gjerne være mer enn en gjest! For hvor der er en åpen dør, så han får stige inn – et frelsens underverk han gjør, og fest der blir i sinn – **slipp Julens fyrste inn!**

I en annen sang synger vi;
«Men jul uten Jesus har liten verdi.
Det blir som en pakke med ingenting i.
For innhold er viktig,
du tenker helt riktig.
Det blir ingen jul uten Jesus.»

Jo, det kan bli en jul, ytre sett. Men den julen du kan feire uansett hvordan du enn måtte ha det – og hvor du enn er – den med frelse og fred, den får du ikke uten Jesus!

Med DE BESTE ønsker for julen!

 Tryggheimhelsing

Forsidebildet: Konrad Stenberg, Vg2 elenergi, var en av Tryggheim-elevene som stilte opp for lokalsamfunnet ved å være med å pynte Nærbøparken og gjøre den klar til åpningen av en magisk julepark 1. desember. Foto: Henrik Foss.

Redaksjonskomité:

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Henrik Foss
Knut Handeland
Mari Ask Helland
Bjørge Topnes
Martin Steinskog (ungdomsskolen)

Kasserer:

Elisabeth Krogedal

E-post Tryggheim skular:

post@tryggheim.no

Bladet koster kr 150,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Grafisk design og trykk:

Synkron Media AS, Birkeland





BILDER FRA HØSTEN

VG2-TURER



Foto fra Israelstur: Anne-Berit G. Aanestad

En uke i september reiste Vg2-elevene på tur enten til Israel eller til Belgia og Frankrike. I Israel ble det turer rundt på en rekke kjente bibelske steder både i Galilea og i Jerusalem. Det ble besøk på Holocaust-museet Yad Vashem, i tillegg til kamelriding og overnatting i beduinleir og bading i Dødehavet. En dagstur til Betlehem ble det også tid til. Europaturen startet i Belgia med besøk i EU-parlamentet og NATO-hovedkvarteret, og i Nord-Frankrike var det fokus på 2. verdenskrig med bl.a. D-dag-strendene og Overlord-museet. Så ble det innholdsrike dager i Paris med gamle monumenter og et litt mer moderne Disneyland.



VG2-TURER

Foto fra Europatur: Bjørn Anders Bøe og Gunhild H. Obrestad.





KANOTUR

Tekst og foto: Geir Tjeltveit

Høstens kanotur ble gjennomført etter skoletid onsdag 27. september. Vi padlet Figgjoelva fra Øksnevad vgs. til Bore. Det hadde regnet mye, så elva var diger! Det ble mange kanovelt – mer eller mindre frivillig – og uvanlig mange redningsaksjoner. Stor stemning og glade, våte elever. Alle kom velberget ned. Etter kanoturen ble det stopp på McDonalds for de fleste. Resten reiste direkte tilbake til Tryggheim. Sikkert godt med varm dusj og tørre klær.



SKOLEDAGER

Foto: Anne-Berit G. Aanestad, Geir Tjeltveit og Henrik Foss

Selv om turer et kjekt, er det ikke så dumt med vanlige skoledager heller, spesielt når de kan piffes opp litt med f.eks. temadager for antrekk, snekring, bygging, forsøk i naturfag - eller skolefrokost når tema er «næringsstoffene».



1STC har dekket til fin frokost i klasserommet



Steinar og Oddbjørn i 2TØA bygger hagehytte.



Biologielever formerer Yucca-planter



Sondre (t.v.) og Jonas i full gang med naturfagforsøk



«Antrekk på forbokstaven din»: Bak f.v. Karen-katt, Christina-cowboy og Marthe-Minion. Foran Sarah-sykepleier og Ida-Ivar Aasen.



Tema for dagen er «Galla-antrekk», og gutta i Vg1 har dresset seg opp.



Elefanttannkremen este utover alle sine bredder, og litt av linoleumen ble nok merket for alltid ...



Og her er det Ole Mathias (t.v.) og Thomas som forventer at noe snart skal skje med løsningen deres.



Fire fornøyde snekkere – Kristoffer, Stine Marie, Johannes og Sivert i 2TØB har laget fine skjærefjølør.

«Føler at vi blir lyttet til!»

Idet skoleklokkene ringer, matpakkene er fortært, og elevene har fått kjenne på den friske vinterluften, kommer de tolv elevrådsrepresentantene til naturfagrommet. Det er klart for elevrådsmøte. På Tryggheim ungdomsskole er vi heldige som har et engasjert elevråd. Det er satt sammen av representanter fra hver klasse og teller 12 elever, 5 jenter og 7 gutter.

Tekst og foto: Martin Steinskog

Elevrådsmøte 3. økt mandag 20. november

Under stødig ledelse av elevrådsleder Benjamin Ravn Eriksen, blir dagens agenda presentert. Å kalle sakslisten for «varierte» er vel ingen underdrivelse. Her diskuteres det både hvordan vi vil ha det på skolen vår, hvordan vi utøver god folkeskikk i matsalen, og hva som skal være skolens neste misjonsprosjekt fra høsten 2024. Tre av representantene fra elevrådet skal senere i måneden få møte ordfører i Hå kommune i «barn og unges kommunestyre.» Her skal de få stille direkte spørsmål til ordfører, diskutere fordeling av økonomiske midler, og i det hele tatt få være med å påvirke kommunens prioriteringer. Elevrådet blir etter hvert enige om å fremme forslag om å fordele

pengen til de ulike idrettslagene i kommunen. «Dette tror jeg kan være et godt forslag. De ulike idrettsstilbudene rundt i kommunen betyr mye for mange,» sier elevrådsleder Benjamin Ravn Eriksen.

Dagens møte bringer også med seg et håp om et mulig gjennomslag for elevrådet i en viktig fanesak: nemlig å få være inne i noen av friminuttene. Engasjementet øker betraktelig når denne saken kommer på bordet: «Vi må ha noen regler for hvordan det skal gjennomføres,» kommer det som et innspill. «Ja, hvis ikke blir det helt kaos,» samtykkes det fra bakerste benk. Det blir informert om at et endelig vedtak på dette blir gjort på nyåret, så det hersker liten tvil om hva som står på elevrådets ønskeliste til jul i år.

Mot slutten av møtet blir det åpnet for å ta opp saker som kommer fra de ulike klassene. «Vi ønsker leksefri!» «Vi mangler tavle i grupperommet vårt!» «Ofte varmmat i kantinen!» «Skostativ!»

Elevrådet skoleåret 2023-2024

F.v.: Øvre rekke: Aage Nielsen (9A) Matheo Birkeland (8B) Sondre Handeland Kverneland (8C) Benjamin Zubicueta Silva (9D) Benjamin Ravn Eriksen (10D) Mathea Nord-Varhaug (9B) Amalie Schwenk (9C)
Nedre rekke: Deborah Børresen (10B) Tilla Erga (10C) Thea Aarsland (8D) Nora Berge (8A) og Mats Sele (10A)



Elevrådsleder Benjamin Ravn Eriksen (10D) synes det er kult å kjenne på det å være «sjef» av og til.



Generalsekretær Gunnar Bråthen (f.v.) i Misjonssambandet, leiar Ketil Jensen i Forlagshuset Lunde og Tryggheim-lærer og tidlegare -elev, Karine Norbye, deltok i sofasamtale med lærar Eli Bjuland. Tidlegare elev Johannes Braut var også ein del av panelet.



Innsamlingskoordinator Mari Ask Helland fortalte om Tryggheim sine byggeplanar. Skulen har starta å samle inn pengar til nytt internat og nytt undervisningsbygg.

God mottaking av nytt konsept

Storstova var fullsett då Tryggheim opna skulen og arrangerte «Huslydkveld» onsdag 4. oktober.

Tekst og foto: Henrik Foss

I løpet av samlinga fekk over 500 publikummarar lytte til musikkinnslag, sofasamtale og gjestetalarar med temaet «Røtter og vinger». Gunnar Bråthen var på sitt første skulebesøk etter at han tiltredde som generalsekretær i Misjonssambandet. Han understreka kor viktige skulane er for arbeidet til organisasjonen då han talte til forsamlinga.

Kvelden blei avslutta med basar til inntekt for nytt internat og nytt undervisningsbygg. Kveldstrekkinga resulterte i 100.000 kroner, og hovudlotteriet gav 200.000 kroner. Fleire publikummarar ønskte i tillegg å bli faste givarar for å realisere byggeprosjekta til Tryggheim.

PS! Onsdag 20. mars 2024 arrangerer skulen «Huslydkveld» med teologen og forfattern Hans Johan Sagrusten og songaren Ingrid Grøvan.



Lærarane Jostein Wold (f.v.), Karine Norbye, Møyfrid Nordstrand og Sondre Frøyland Svenseid leia allsongen.



Påbygg-elev Jannike Sæther Tønnessen delte ut gevinstar då studieleiar Kjetil Fylling trekte vinnartala.



Over 500 menneske fylte møtesalen då Tryggheim arrangerte «Huslydkveld» onsdag 4. oktober.

60- og 70-årsjubilanter

I juni ble det arrangert elevstevne på Tryggheim, og vi tar med bilder av 60- og 70-årsjubilantene her. Bilder av de andre jublantbildene finnes på Tryggheims nettsider: <https://vgs.tryggheim.no/aktuelt/bilder-av-jubilantene-pa-elevstevnet-2023/>

60



70

Elevstemnet 2024 laurdag 22. juni

INVITASJON:

Frå folkehøgskuletida:

- 70-årsjubilantar, dei som gjekk på Tryggheim 1953-54
- 60-årsjubilantar, dei som gjekk på Tryggheim 1963-64
- 50-årsjubilantar, dei som gjekk på Tryggheim 1973-74

Desse får skriftleg innbyding i mars.

Frå vidaregåande:

- 40-årsjubilantar, dei som gjekk på Husstell, Tømmer, Snikkar og Elektro 1983-84.
- 30-årsjubilantar, avgangselevar 1994, og dei som gjekk saman med desse i to år, men slutta i 1993
- 20-årsjubilantar, avgangselevar 2004, og dei som gjekk saman med desse i to år, men slutta i 2003
- 10-årsjubilantar, avgangselevar 2014 og dei som gjekk saman med desse i to år, men slutta i 2013

Desse får ikkje skriftleg innbyding, men me ber eldsjeler blant dykk ta initiativ via Facebook o.l. for å oppmode medelevar til å kome på elevstemnet. Ta gjerne kontakt med Tryggheim for å få hjelp til namnelister.

Programmet vil vere omtrent slik:

- 11:30 Oppstart med kaffi, drøss og omvising (12:00) for dei som vil
- 13:00 Samling i møtesalen. Fotografering etter samlinga
- 14:30 Festmiddag
- 16:00 Samling i årskull-grupper til utpå kvelden

SAUMROM



Tekst: Knut Handeland
Foto: Henrik Foss

Trass arkitektoniske likskapstrekk med blokkbaserte einsemdsgeneratorar, er internat i sitt vesen kortreist sosialiseringmaksimalisme. Eige rom gir i tillegg landingshøve for individuelle hobbyar med begrensa arealkrav. Paradoksalt nok kan Frida Rese Shadidi (Vg3 ST) med sin sy-hobby tråkle seg saumlaust mellom skule, måltid, sosialitet og stille tekstilfordjuping, alt i behageleg flipp-flopp-avstand. Ho treng ikkje gå på nåler for utstyret si skuld, for mormors gamle symaskin har budd både i Tananger, på Austlandet og i USA og aksepterer jærklimaet. Ein medelev har og symaskin på rommet, så då blir det fort eit lite tekstilmiljø, men utan industrielle dimensjonar. Frida teiknar og syr det ho har lyst og tid til - buksa t.d. er eigenprodusert - men planen om festkjole til julebordet må truleg strykast frå årets kalender, sidan skulearbeidet er primærmønsteret som må følgast.

- Når eg får positive kommentarar på eit plagg, er det veldig gøy å kunne seie: «Ja, eg har sydd det sjølv!»

1200 elevar og foreldre på laurdagsskule

Ein gong i året inviterer Tryggheim vgs. til ein annleis skuledag som også foreldre får oppleve.

Tekst og foto: Henrik Foss

Laurdag 11. november arrangerte skulen temadag med innhaldsrikt program. Russen selde lodd for 300.000 kroner til elevane sitt misjonsprosjekt i Vest-Afrika, presten Thor Haavik inspirerte til å sette spor ved å bety noko for andre, og elevar brukte evnene sine både på scenen i storstova og på utstillinga i gymsalen.



Årets russekor opptredde for første gong då skulen arrangerte temadag.



Ungdomsbedriftene på Tryggheim stilte ut i gymsalen under temadagen.



Tømmerlærer Endre Urstad prøver ein av stolane som ungdomsbedrifta Solkroken Møbler har snikra. Til venstre dagleg leiar Elias Gundersen.



Teologen Thor Haavik heldt både seminar og andakt i løpet av temadagen.

Samfunnsbyggaren

Tekst: Knut Handeland

Foto: Henrik Foss

Steinar Gulaker (elev 1993-95) har fleire jern i elden enn dei fleste. Trass cerebral parese, arbeid som dagleg leiar for 40 tilsette og 13 styreverv er framtoningen 100 % stressfri og til stades i augneblinken. I eit foredrag for tilsette på Tryggheim fortalde han litt om korleis det heile heng saman.

Steinar fekk beskjed av rådgjevar på ungdomsskulen om at han kunne passe til å sortere bøker på eit bibliotek, men gjekk treeteknikk på Tryggheim og tok sveinebrev og meisterbrev i trearbefagsfaget før han gjennom fleire steg enda som dagleg leiar ved Haugstad Møbel AS i 2016.

24 år gamal blei han på eit møte oppsøkt av ein framand mann som meinte å ha ein bodskap frå Gud. Bodskapen var at Steinar levde i ei boble som han måtte ut av, og blei følgt av fleire ord knytt til forteljinga om Gideon, krigaren som opplever at Gud tek frå han dei fleste ressursane, men som får oppleve å innta nytt land når han går saman med Gud. Steinar, som etter eigen karakteristikk då levde eit bedageleg og «navleskodande» liv, skildrar hendinga som eit vendepunkt. Sidan har han erfart det same som Gideon; at å innta nytt land i mindre grad kjem an på personleg kraft og ressursar. Det avgjerande er å vandre med Gud. Han er grunnvoll og gir kraft og retning. Det gir tryggleik, slik at når Gud opnar dører som Steinar ikkje hadde tenkt å opne sjølv, så er det likevel trygt å gå inn.

Gudserfaringane er ikkje avgrensa til ein slags åndeleg sektor av livet, men har vore fundamentale også for motet til å satse på store omleggingar av næringsverksemdene han

er involvert i. Likeså når han i regi av Norkirken vore med på å starte Hjerter for Hå, matutdeling og fritidsklubb på Vigrestad. Fosterheim, espressobar og mykje anna kunne og vore nemnt.

Han brenn for kulturbygging, at ein forankra i bibelske ideal kan bygge gode arbeidsplassar der baksnakking er bytt ut med ein anerkjenningkultur der ein heller leitar etter gullet i kollegaer og medarbeidarar.

- Det kjem ikkje av seg sjølv, men er ein kontinuerleg prosess. Eg seier til mine tilsette at eg ikkje er villig til å betale ei krone for å høyre baktaling, men heller betaler dobbel lønn om dei har noko godt å seie om andre.
- Eg må starte dagen med Gud, med bøn og lovsong og å legge dagen i hans hender. Då får eg kraft til dagens gjeremål. Tenkjer eg at Gud kan vente til etter jobb, så har eg verken krefter til å stå i dagen eller til å søke Gud når kvelden kjem.

Hans råd er å søke Gud i alle ting, anten det gjeld familieliv, forretningsliv eller politikk.
- Der er ein veg inn til korset og ein veg ut frå korset der vi som Guds hender og føter skal få vere ein del av hans verdsvide kyrkje og verdssamfunn, inkludert næringslivet, slik både Paulus og ikkje minst Hans Nielsen Hauge har vist oss.



Skrivekonkurranse

I gangane har murringa lege som eit diskret teppe mellom elevar, alle ivrige etter å finna dei seks perfekte orda som saman skal danna ei heil forteljing; ei seksordsnovelle.

Tekst: Mari Ask Helland
Foto: Henrik Foss

I oktober arrangerte norskseksjonen ved skulen ein skrivekonkurranse der elevane fekk i oppgåve å skriva ei seksordsnovelle. Det tok ikkje lange tida før elevane var i full gang, og juryen er imponert over alle som har levert bidrag. Det har kome inn svært mange gode tekstar, og det har vore ein fryd å få lesa dei! Kanskje ikkje så overraskande var det difor ei utfordrande oppgåve

å plukka ut vinnarane, men juryen klarte til slutt å landa på fem vinnarar som alle fekk eit gåvekort på 100 kroner i russekiosken som premie. Vinnarbidraga kan du lesa på neste side.

Seksordsnovella var den første i ein serie på til saman fire skrivekonkurransar norskseksjonen kjem til å arrangera på Tryggheim vgs. i løpet av skuleåret. I slutten av

vårsemesteret blir det plukka ut ein blant alle tidlegare vinnarar som får ein større premie i tillegg.

Me gler oss til å lesa alle bidraga som kjem inn i dei andre konkurransane, og håpar at så mange som mogleg vil ta del!

Takk til alle som bidrog i konkurransen, og ikkje minst gratulerer så mykje til vinnarane!



Frå venstre: Mari Ask Helland, Anders Jess Linjord, Ruth Vassbø, Oskar Ramsli Lomeland, Malin Fjalestad, Julie Kristine Storfjord Solheim.



Og vinnarane er...

Anders Jess Linjord, 2STa:

Han prøvde, falt, reiste seg, vant.

Ruth Vassbø, 3STb:

Gutt skåret fire mål. Stilling 2-2.

Oskar Ramsli Lomeland, 3STc:

RK31415, EV98066, EF54858, SD955barn47, BARN!?! DUNK!

Malin Fjalestad, 3PBb:

To tenåringer, tusen tanker, ingen ord.

Julie Kristine Storfjord Solheim, 2STb:

“Her er seksordnovella du bestilte”. – ChatGPT



Visste du at...

Amalie Aanestad (ST 11-14) og **Magne Vigrestad (Tryggheim usk. 04-07)** giftet seg 9. september

Helena Anda (HO/PB 19-22) og **Petter Frøyland Grødem** giftet seg 23. september

Maria Enora Svensen (Tryggheim usk. 14-17) deltok i «Kompani Lauritzen: Tropp 2» som ble sendt på TV2 Play i høst.

Martin Hals Johannessen (EL/PB 15-18) deltok i høstens utgave av «Farmen» på TV2.

Alfred Kvendset (EL 21-23) var 7. november toppleder for en dag i programvareselskapet Attensi i hovedstaden etter at han ble håndplukket som ledertalent av organisasjonen Ungt Entreprenørskap Norge.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

Tryggheimkalender

JANUAR

Ons. 3. Første skoledag etter jul
Fre. 12. Slutt 1. halvår
Man. 15. Start 2. halvår


FEBRUAR

Tirs. 20. - fre. 23. Leirskole Vg1
Man. 26. – fre. 1.3. Vinterferie

MARS

Tirs. 5. - fre. 8. Leirskole Vg1
Man. 25. – man. 1.4. Påskeferie

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærbø



Tre på topp

Tekst: Henrik Siveland

Tre salmer frå brorfolket i sør, forfatta eller omsett av Brorson på midten av 1700-talet.

Her ser jeg et tolmodig lam

Salmen er skriven av den tyske teologen Paul Gerhardt, men vart omsett av Hans Adolph Brorson i 1735. Legg merke til det sentrale Agnus Dei-motivet, Jesus Kristus som det sanne påskelammet. Legg òg merke til den underlege samtalen som vert skildra mellom far og son. Faren seier «Gå hen, min kjære Sønn og lid», og sonen svarar «Ja, kjære Far, av hjertens grunn». Var det slik det gjekk til mellom Faderen og Sonen då dei vart samde om frelsa? Ikkje godt å seia. Noko for tanken.



Jeg ser deg, o Guds lam, å stå

Lammet er endå meir sentralt i denne salmen, skriven av Brorson sjølv. Salmen er ein kontemplasjon over Jesus på Golgata, på «Sions bergetopp». Blikket i salmen er vend mot Sonen i dei fire fyrste strofene, men i femte strofe ser ein den same vekslinga frå Sonen til Faderen: «Takk, Fader, at du var så god». Lesaren vert ikkje spart for sterke uttrykk, men må gløtta til den danske originalen for verkeleg å skimta kraftsalvar. Sjå særleg tredje linje i femte strofe for eit døme på dette.



O, Gud, forstanden fatter ei

Me held oss framleis med dei danske og tyske, lutherske, ortodokse teologane og salmediktarane, denne av Johann Hermann Schrader, omsett av Brorson. I norske heimar har denne salmen vore i salmebøkene heilt sidan Pontoppidans salmebok frå 1740. Salmen rakk likevel ikkje opp i konkurransen om å få vera med i den nye salmeboka. Salmisten undrar seg over Guds «forsyns skjulte nåde». Korleis er det Gud fører oss i verda, korleis ville det gått om me hadde styrt sjølv. I siste strofe bed dei syngande om at Gud må føra oss. Om det kan kjennast vanskeleg og hardt, «er alt du sender nåde».

